



Det Kongelige Kommunal-og Regionaldepartement

Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
13/3303-3

Saksbehandlar:
Hilde Pedersen, 35059221
hilde.pedersen@bo.kommune.no

Arkivkode:
K3-&76, K3-&00,
K3-&13

Dato:
26.11.2013

Lovfesting av medvirkningsordning for ungdom - høyringsuttale

Utval for oppvekst og kultur har behandla høyringssvaret og vedtatt følgjande uttale:

Bø kommune har for tida ikkje ungdomsråd, medverknad frå ungdom skjer på tradisjonelt vis gjennom elevråda på skulane. Tidligere då kommunen hadde tilsett ungdomskonsulent jobba vi mykje med ungdomsråd både i høve til tilrettelegging og oppfølging. Vi erfarte den gangen at det er krevjande, men svært positivt og engasjerande å jobbe med ungdom spørsmål i ein demokratisk setting på fritidsarenaen. Vi erfarte at vakseninnsatsen som representerte kontinuiteten var ein suksessfaktor.

Det er viktig at forskjellige aldersgrupper er representerte i kommunale råd og utval, og eit lokalt lovpålagt ungdomsråd vil vere ein god skule i demokrati og gi ungdommen moglegheit og tru på at det nyttar å delta i politiske prosessar. Å bli sett, høyrd og tatt med der avgjerder blir tatt, vil kunne bidra til at ungdom i større grad vil engasjerer seg i lokalpolitikken og i arbeidet med lokalsamfunnsutvikling. Dette heng tett saman med identitet og kjensla av å høyre til. Ungdom har mykje å bidra med, og ein fast og føreseieleg arena for medverknad vil utan tvil kunne fange opp og engasjere fleire.

Det sender eit feil signal til ungdom at eldre, som både har stemmerett og er valbare til kommunestyre og fylkesting, har rett til å bli høyrd, mens unge utan stemmerett ikkje har den same retten til formalisert medverknad. Eit nytt krav om eit medverknadsorgan for unge kan t.d. følgje same mønster og regelverk som dagens eldreråd, men ei lovfesting må vere fleksibel og gi kommunen handlingsrom til å finne lokale løysingar på ungdommens premiss.

Med helsing
Hilde Pedersen
einingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

